



Sameige Eikanger Vassverk
Ivar Eidsheim
Nedre Eikanger 62
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2664 - 15/24740

Saksbehandlar:
Atle Dingen
Atle Dingen@lindas.kommune.no

Dato:
08.07.2015

Søknad om kommunalt tilskott til prosjekt avløpsystem til delar av Eikanger, m.fl.

Vi syner til Dykkar søknad av 26.juni,-kartskisser,leidningsføringar, og med tilleggsopplysningar datert 02.juli,-om kommunalt tilskot til bygging av kloakkanlegg for tilknytning til kommunalt avløps-system i Eikangervågen. Søknaden er heimla i *Forskrift for vass-og kloakkgebyr i Lindås kommune*.

Vedlagt søknaden er komplett pristilbod på leidningar, kummer, borehol, m.m. For store deler av grøftene vert avløpsleidning lagt i felles grøft med vassleidningen. Anlegget er planlagt bygt med eigne private slamavskiljarar, ev større felles, og der Lindås kommune tek kostnadene med tømning av desse-etter vanlege rutiner, og abonnentane betalar vanleg årsgebyr for kloakk.

40 eigarar av hus og tomter har skrive under som andelseigarar-til no. Pristilbodet er på kr: **2.491.500,-** ekskl mva.-då kommunane byggjer VA-anlegg avgiftsfritt, og kommunen skal overtaka hovedanlegget, som det vert gjeve tilskot til. Overtakinga vert etter at anlegget er ferdigstillt, og godkjent, og etter garantiåret er omme. (Etter eitårs-befaringa).

Andelseigarane går inn med kr 30.000,-kvar som eigenandel, tilsaman **kr 1.200.000,-** Lindås kommune går inn med resterande sum kr: **1.291.500,-**. Tilskotet vert gjeve som refundert tilkn.gebyr, ekskl mva, og elles dekka frå posten: *Tilskot til privat kloakkanl.*

Føresetnader: Tilskotet vert gjeve ut frå bindane antal underskrifter, avtalar om grunn,-som er overførbare til kommunen, etter overtaking. Vidare at rekneskapet er revisorgodkjent, og at anlegget er bygt i samsvar med godkjente normar for kommunaltekniske anlegg i Lindås kommune v/ Teknisk Drift.

Før overtaking skal det leverast a-jourførte teikningar, trykkprøvningsprotokollar, og eigengodkjenningsdokument-frå utførande entreprenørar. Vi gjer merksam på at ansv.utførande entreprenør(ar) må søkja om tiltak-løyve, på vanleg måte. Tilkn.gebyret må vera innbetalt før 1.utbet. av tilskot vert gjort.

Med helsing

Arne Eikefet
einingsleiar

Atle Dingen
saksbehandlar





Sameiget Eikanger Vassverk
v/styreleiar Ivar Eidsheim
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2664 - 15/24750

Saksbehandlar:

Atle Dingen

Atle.Dingen@lindas.kommune.no

Dato:

08.07.2015

Søknad om tilskot til prosjekt vassforsyning til delar av Eikanger m.fl.

Vi syner til søknad av 26.juni-2015, kartskisser med innteikna leidningsføringar og med tilleggsopplysningar, datert 02.juli-15,- om kommunalt tilskot til bygging av vassleidning. Slik søknad er heimla i *Forskrift for vass- og kloakkgebyr i Lindås kommune, punkt 7,5.*

Vedlagt søknaden er eit komplett pristilbod på leidning, 110 mm Pe SDR 11, med kummer, ventiler, o.l. For store delar av grøft vert det og lagt leidning for avløp, som det og vert søkt tilskot til, og som vert handsama som eigen søknad.

39 eigarar av bygg-tomtar har skrive under som andelseigarar. Pristilbodet er på **kr 2.451.000**, ekskl mva. Dette av di mva vert refundert, då kommunane byggjer VA-anlegg avgiftsfritt, og kommunen skal overta deler av anlegget etter ferdigstilling, og godkjenning.

Andelseigarane går inn med 30.000,-kr kvar som eigenandel, tilsaman **kr 1.170.000,-** Lindås kommune går då inn med resterande sum, **kr 1.281.000,-** Tilskotet vert gjeve som refundert tilknytingsgebyr (fråtrekt mva), og elles dekka frå posten: *tilskot til privat vassforsyning.*

Dersom kommunen finn det føremålstenleg vil den ta kostnader med ei ev oppdimensjonering av hovudleidningen, -som muleg del av ei samanbinding-ringleidning til øvrig hovudleidningsnett. Dette kjem ein attende til før prosjektet vert påbegynt.

Dersom talet på andelseigarar aukar, -kan tilskotet verta redusert tilsvarande.

Det er ein føresetnad for tilskot at utbyggjar stettar krava til bindande medlemslister, avtalar om grunn-som er overførbare til kommunen etter ferdigstilling og godkjenning, og at rekneskapet er revisorgodkjent, og at anlegget er bygt i samsvar med godkjent norm for kommunaltekniske anlegg i Lindås k, v/ Teknisk Drift.

Før overtaking skal det leverast a-jourførte teikningar, trykkprøvingsprotokollar, og eigengodkjenningsdok.-frå utførande entreprenør.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BUR RØYNDOM



1-3

ORGE

Vi gjer vidare merksam på at utbyggjar-utførande entreprenørar må søkja om tiltak-løyve på vanleg måte. Tilknytingsgebyret må vera innbetalt før 1.del av tilskot vert utbetalt.

Med helsing

Arne Eikefet
einingsleiar

Atle Dingen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

8

8